

Åpning av det 143. Storting

President: K i r s t i K o l l e G r ø n d a h l

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen og Hennes Majestet Dronningen seg *fredag den 2. oktober kl. 13* i stortingssalen, ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Forsamlingen sang første vers av "Kongesangen".

Hans Majestet Kongens tale til det 143. Storting ved dets åpning:

Ærede President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den må bli til gagn for fedrelandet.

Regjeringen arbeider for en samfunnsutvikling preget av et solid verdifundament forankret i vår nasjonale og kristne kulturarv. Et solidarisk og menneskelig samfunn bygger på verdier som omsorg for de svakeste, respekt for det enkelte menneskes rettigheter, ansvar for andre, for miljøet og for kommende generasjoner.

Regjeringen vil invitere alle stortingsgrupper til et konstruktivt samarbeid fra sak til sak, noe den parlamentariske situasjon understreker behovet for. –

I en situasjon med uro i internasjonal økonomi og lave oljepriser er det særlig behov for et bredt samarbeid om den økonomiske politikken. Siktemålet må være å stabilisere og bevare en varig høy sysselsetting. Tempoet i reformarbeidet må tilpasses dette. Regjeringen vil legge fram et statsbudsjett med innstramming i finanspolitikken, bl.a. for å bidra til lavere renter. Nødvendige skatte- og avgiftsøkninger må også bidra til en rettferdig fordeling. Pengepolitikken er rettet inn mot å holde kronen stabil overfor europeiske valutaer. Samarbeidet med partene i arbeidslivet vil bli videreført for å unngå at lønnsveksten i Norge varig blir ute av takt med utviklingen i andre land.

Regjeringen går inn for en bred og samordnet distriktspolitisk innsats. Arbeidet med å desentralisere arbeidsplasser, kapital og makt fortsetter.

I en egen stortingsmelding vil Regjeringen gi en grundig analyse av forskjeller i inntekter og levekår i Norge. Det vil bli foreslått tiltak som skal bidra til større likhet. Regjeringen vil legge fram forslag om en tilnærming av skatt på arbeids- og kapitalinntekter.

Norsk utenriks- og sikkerhetspolitikk skal trygge vår frihet og selvstendighet, fremme internasjonal fred og rettferdighet og verne om menneskerettighetene. Et sterkt norsk forsvar er en grunnpilar i Regjeringens sikkerhetspolitikk.

Regjeringen vil styrke arbeidet for nedrustning og rustningskontroll både når det gjelder konvensjonelle og masseødeleggelsesvåpen, herunder særlig kjernefysiske våpen. Arbeidet for internasjonale tiltak mot håndvåpen vil bli videreført.

Regjeringen vil videreutvikle de transatlantiske forbindelsene og intensivere arbeidet for økt sikkerhet i Europa, ikke minst gjennom medlemskapet i NATO. Gjennom formannskapet i Organisasjonen for sikkerhet og samarbeid i Europa i 1999 vil Norge ha en viktig rolle i krisehåndteringen i Europa, Kaukasus og Sentral-Asia.

EØS-avtalen danner hovedgrunnlaget for Norges forhold til EU. Regjeringen går inn for en nasjonal selvstendig og aktiv vurdering av det regelverk som følger av EØS-avtalen.

Regjeringen forhandler med EU om en ny løsning om norsk tilknytning til Schengen-samarbeidet, når dette innlemmes i EU.

Regjeringen vil videreføre sitt engasjement for å reformere og styrke De forente nasjoner som det viktigste globale instrument for fremme av fred, menneskerettigheter, miljø og utvikling.

Regjeringen vil arbeide for en solidarisk og mer helhetlig og slagkraftig sør-politikk. Dette innebærer en mer aktiv innsats for å bekjempe fattigdom gjennom bistand, og for å bedre utviklingslandenes rammevilkår på områdene gjeld, handel og miljø. Oppfølging av Regjeringens gjeldsplan vil bli prioritert.

Bærekraftig bruk av naturressurser vil være det grunnleggende prinsipp i forvaltningen av norske ressurser og vår deltakelse i internasjonalt samarbeid om miljø og ressursforvaltning. En bærekraftig utvikling forutsetter at miljøhensyn blir integrert i politikken nasjonalt og lokalt.

Faren for klimaendringer er en av de største utfordringene verden står overfor. Regjeringen vil derfor aktivt følge opp Kyoto-protokollen om klimaendringer, både gjennom nasjonale virkemidler for redusert utslipp av drivhusgasser og i de videre forhandlingene internasjonalt.

For å begrense luftforurensningsproblemene forberedes det konkrete tiltak allerede fra kommende vinter i Oslo og Bergen.

Regjeringen vil satse på utvikling av nye fornybare energikilder og arbeide for å begrense forbruket av elektrisitet. Olje- og gassressursene må forvaltes i et langsiktig perspektiv hvor det legges vekt på et forsvarlig aktivitetsnivå. Rollen som en stor energiproducent må forenes med å være et foregangsland i miljøspørsmål.

For å gjøre det enklere å starte og drive bedrifter over hele landet vil det bli lagt fram en handlingsplan for små bedrifter. I planen er det prioritert å rydde opp i de mange forskrifter og skjemaer næringslivet må forholde seg til. Bedriftene skal sikres kvalifisert arbeidskraft. Ledige og yrkeshemmede skal kvalifiseres for deltakelse i arbeidslivet.

Regjeringen vil arbeide for et bredt og balansert eierskap i næringslivet. De regionale såkornfondene og tilskuddet til prosjektutvikling skal bidra til teknologisasning i næringslivet. Regjeringen legger stor vekt på næringsrettet forskning og utvikling, og prioriterer innovasjon og kompetanseutvikling i små og mellomstore bedrifter over hele landet.

For å bidra til trygge arbeidsplasser og bosetting langs kysten vil Regjeringen arbeide for at fiskeri- og hav-

bruksnæringen gjennom markedsorientering og økt verdiskaping skal få en lønnsom og balansert utvikling, basert på et bærekraftig forvaltningsgrunnlag.

Regjeringen vil videreføre et jordbruk med variert bruksstruktur basert på ansvarlig miljø- og ressursforvaltning. Den vil føre en aktiv skogpolitikk og en restriktiv jordvernpolitikk. Arbeidet med å bedre inntekt og sosiale ordninger i landbruket vil fortsette. Næringsgrunnlaget for den samiske reindriften skal sikres, bl.a. ved å tilpasse reintallet til beiteressursene.

Utbygging av samferdselstilbud er et viktig næringspolitisk og distriktpolitisk virkemiddel, og har stor betydning for trafikkavvikling og miljø i sentrale strøk. Det vil bli lagt vekt på trafikksikkerhetsarbeid.

Regjeringen vil legge til rette for videre utvikling av transportsektoren, med vekt på å dra nytte av de enkelte transportmidlenes fortrinn. En hensiktsmessig samordning mellom de forskjellige transportgrenene gir miljøvennlige, fleksible og rasjonelle transportløsninger.

Regjeringen vil fornye og modernisere offentlig forvaltning. En effektiv forvaltning skal gi tjenester av høy kvalitet, ha løpende kontakt med sine brukere og være åpen for innsyn fra borgerne. Elektroniske informasjons-tjenester og toveis kommunikasjon gir brukerne lettere tilgang til offentlig informasjon. Regjeringen vil videreføre arbeidet med å bidra til at Norge er rustet til å håndtere dataproblemene knyttet til tusenårsskiftet.

Kommunene og fylkeskommunene skal gjennom sine inntekter gis mulighet til å tilby grunnleggende velferdstjenester. Arbeidet med å vitalisere lokaldemokratiet vil bli videreført.

Barn og ungdom skal ha gode oppvekst- og levekår. Regjeringen vil arbeide for å styrke det lokale frivillige organisasjonsliv, med særlig vekt på å sikre aktivitetsgrunnlaget for barn og unge i deres nærmiljø.

Arbeidet med å legge til rette for økt valgfrihet for småbarnsforeldre vil bli videreført gjennom kontantstøtte og fortsatt utbygging av barnehager. Målet er full behovsdekning av barnehager i år 2000.

Regjeringen vil foreta en helhetlig gjennomgang av likestillingsloven. Kvinner og menn skal ha like muligheter til å delta både i arbeids- og organisasjonslivet og i familien.

Gjennom et synlig og desentralisert politi, raskere straffesaksbehandling og økt kvalitet i straffegjennomføringen vil Regjeringen forsterke innsatsen når det gjelder å forebygge og bekjempe kriminalitet.

Asyl- og flyktningpolitikken er myket opp. Dette arbeidet vil bli videreført. Barns behov skal tillegges særlig vekt. Regjeringen vil foreslå endringer i utlendingsloven for bl.a. å styrke rettssikkerheten for utlendinger.

Regjeringen vil prioritere arbeidet mot rasisme og diskriminering for å sikre at alle, uansett bakgrunn, skal ha like muligheter til å delta i samfunnet. En aktiv integreringspolitikk, gjennom norskopplæring og kvalifisering for arbeidslivet, skal prioriteres.

I det framtidige arbeidet med en kompetansereform vil Regjeringen legge vekt på samarbeid med arbeidslivets parter og utvikling av tilbud tilpasset voksne i vide-

regående opplæring. Regjeringen vil generelt arbeide for å styrke den norske forskningsinnsatsen og spesielt bedre vilkårene for langsiktig, grunnleggende forskning.

I løpet av året vil det bli lagt fram en ny, revidert IT-plan for utdanningssektoren. Regjeringen vil øke kapasiteten innenfor lærer-, informasjonsteknologi- og helsefagutdanning, gjennom omdisponering av studieplasser.

Regjeringen vil legge fram forslag til nye helselover om pasientrettigheter, helsepersonell, psykisk helsevern og spesialisthelsetjenesten. Et forslag til et nytt og mer effektivt system for kontroll med opprettelse av nye legestillinger skal bidra til bedre legedekning i distriktene. Opptapping av innsatsen for psykisk helse, kreftomsorg og utstyr følges opp i 1999. Regjeringen vil utarbeide en handlingsplan for forebygging av uønskede svangerskap og abort.

Satsingen innen eldreomsorg videreføres, og en forsøksordning med henholdsvis eldreombud og omsorgsombud vil bli igangsatt i noen kommuner.

Regjeringen vil støtte et aktivt kulturliv og legge til rette for profesjonelle kulturtilbud så vel som egenaktivitet. Regjeringen vil arbeide for at markeringene av tusenårsskiftet skal gi et varig kulturelt og verdimeisig løft.

Regjeringen vil spesielt legge vekt på å hjelpe de grupper som har særskilte problemer på boligmarkedet.

Sametinget skal få økt innflytelse på utviklingen av det samiske samfunnet gjennom større frihet til å foreta egne prioriteringer.

Kirkepolitikken skal legge til rette for at Den norske kirke som trossamfunn får frihet og ressurser til å være en bekjennende, misjonerende og diakonalt arbeidende åpen folkekirke.

Jeg ber Gud velsigne Stortingets gjerning, og erklærer Norges 143. Storting for åpnet.

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikets tilstand og styring i tida etter siste melding, lesen av statsråd Guro Fjellanger.

I samsvar med Grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs tilstand og styring i tida etter siste melding.

Regjeringserklæringa vart lagd fram for Stortinget i oktober i fjor og dreg opp retningslinjene for arbeidet til Regjeringa.

Ei meir rettferdig fordeling mellom rike og fattige land er eit sentralt mål for Regjeringa. Noreg gav i fjor 9 200 mill. kr i utviklingshjelp og var med ein bistand på 0,86 pst. av bruttonasjonalinntekta eitt av fire land som gav meir enn det målet FN hadde sett på 0,7 pst. Regjeringa har i år auka bistanden til utdanningsformål. Om lag 50 pst. av bistanden vil i år gå til Afrika.

Regjeringa presenterte i vår hovudlinjene i ein plan for norsk stønad til gjeldslette til dei fattigaste og mest gjeldstyngde utviklingslanda.

Noreg har teke aktivt del i arbeidet for å styrkje internasjonalt samarbeid for ei berekraftig utvikling. Klima-protokollen som vart underskriven i Kyoto i desember i fjor, er ein milepæl i dette samarbeidet. Det er første

gongen industrilanda tek på seg juridisk bindande forpliktingar om å redusere utsleppa av klimagassar. Ifølgje protokollen har Noreg forplakta seg til at utsleppa av klimagassar ikkje skal vere meir enn ein prosent høgare i avtaleperioden 2008–2012 enn dei var i 1990. I april i år la Regjeringa fram ei stortingsmelding om korleis Noreg skal følgje opp protokollen. Samtidig vart også proposisjonen om grønne skattar lagd fram. Gjennom drøftinga av desse dokumenta har Stortinget lagt viktige føringar for den vidare nasjonale klimapolitikken.

I samband med statsbesøket i Russland i mai i år vart det inngått ei norsk-russisk rammeavtale om atomtryggingssamarbeid. Avtala er banebrytande i samarbeidet med Russland og vil gje avgjerande bidrag til auka tryggleik i Russland og dei nordlege områda, her medrekna Noreg.

Noreg har teke aktivt del i arbeidet for å tilpasse NATO til ein ny tryggingpolitisk situasjon. Arbeidet med eit nytt strategisk konsept og ein ny kommandostruktur er ført vidare som viktige steg fram mot Washington-toppmøtet i 1999. Dei fleste medlemslanda i NATO har no ratifisert tiltredsprotokollane for Polen, Tsjekkia og Ungarn, som etter planen vil bli formelt tekne opp i Alliansen tidleg i 1999.

Folkemengda i Noreg var ved årsskiftet 4 418 000. Folketilveksten var i fjor på 25 000, eller 2 000 fleire enn året før. Innflyttingsoverskottet frå utlandet auka, medan fødselsoverskottet var lågare enn i 1996. Det kom 59 800 levandefødte barn til verda, nokre hundre færre enn dei føregåande åra. Gjennomsnittsalderen til mora ved føstefødsel auka og var 27,0 år. Forventa levealder var på same nivå som året før, 81,0 år for kvinner og 75,5 år for menn. Dødstalet for spedbarn var stabilt lågt for tredje året på rad, omkring 4 pr. 1 000 levandefødte.

Dei oppdaga petroleumsressursane på norsk sokkel var ved årsskiftet om lag 9,3 milliardar standard kubikkmeter oljeekvivalentar, medan dei uoppdaga petroleumsressursane vart rekna til 3,5 milliardar standard kubikkmeter oljeekvivalentar. Ressursstatus frå Oljedirektoratet viser at auken i oppdaga ressursar av olje og gass var mindre enn utaket i 1997. Med den same petroleumsproduksjonen som i 1997 har Noreg att oppdaga ressursar til oljeproduksjon i 18 år og gassproduksjon i 85 år.

Presset i norsk økonomi og i næringa gjorde det nødvendig med ei meir restriktiv holdning til nye utbyggingsvedtak. Regjeringa har derfor utsett investeringar i alle funn som er til vurdering i 1998, med eitt år. Vidare er det innført produksjonsregulerande tiltak for oljeproduksjonen på norsk sokkel med eit kutt på om lag 100 000 fat pr. dag.

Inntektene i kommunesektoren har auka dei siste åra. I år reknar ein med ein reell auke i inntektene til kommunesektoren på 3/4 pst. etter ein auke i 1997 på 4 1/4 pst. I åra 1995 til 1997 var nettogjelda til kommunane på mellom 23 og 24 pst. I år blir nettogjelda rekna til om lag 25 pst.

Regjeringa la i vår fram ei stortingsmelding om finansiering av kommunesektoren. Meldinga byggjer på den

andre delutgreiinga frå Inntektssystemutvalet. I meldinga er det gjort framlegg om endringar i det samla finansieringssystemet for kommunesektoren. Hovudmålsetjinga med endringane er større lokal forankring og betre og jamnare fordeling av inntektene.

Sysselsettinga er no rekordhøg. Dei yrkesaktive utgjer 73,7 pst. av befolkninga, 78,5 pst. for menn og 68,8 pst. for kvinner. I første halvår i år har den registrerte arbeidsløysa gått ned til om lag 55 000 personar, eller 2,4 pst. av arbeidsstyrken. Problema med å rekruttere arbeidskraft ser ut til å ha forsterka seg ytterlegare det siste året.

Regjeringa la i vår fram ei stortingsmelding om næringspolitikken inn i det 21. hundreåret. Meldinga presenterer ein heilskapleg næringspolitisk strategi med vekt på å gjere det lettare å setje i gang og drive verksemdar i Noreg.

Den nye flyplassen på Gardermoen opnar som planlagt for ordinær drift den 8. oktober i år. Bortsett frå Romeriksporten er også Gardermobanen ferdigstilt og vil bli teken i bruk ved opninga av flyplassen. På grunn av vasslekkasjane i delar av tunnelen kan ikkje Romeriksporten bli teken i bruk den tida ein hadde føresett. I staden blir beredskapsplanen for tilbringartransporten til flyplassen sett i verk.

Konfliktane i samband med lønnsoppgjering i år er løyst gjennom meklingsinstitusjonane eller ved tvungen lønnsnemnd, som særleg er brukt i offentleg sektor.

Staten, Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag vart samde om ny jordbruksavtale. Avtala inneber auka prisar og tilskott over statsbudsjettet, betringar i velferdsordningane, og det er gjort framlegg om ei tidlegpensjonsordning for bønder. Samla gjer avtala det mogleg å heve inntektene i jordbruket frå 1997 til 1998 med nesten 12 000 kr pr. årsverk.

Regjeringa la i juni i år fram stortingsmeldinga om perspektiv på utviklinga av norsk fiskerinæring. Meldinga framhevar marknadsorientering, produktutvikling, samarbeid, fornying av flåten og forskning som sentrale faktorar for den vidare utviklinga av fiskerinæringa.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om innsynsprinsippet i forvaltninga. Meldinga legg opp til at innsynsretten i saksdokument i forvaltninga skal utvidast.

Regjeringa har mjuka opp asylkriteria. Dette inneber at fleire av dei som etter tidlegare praksis fekk innvilga opphaldsløyve på humanitært grunnlag, no får asyl. Minst halvparten av dei som fekk innvilga asyl første halvår i år, har fått det som følgje av dei nye kriteria. I fjor fekk til saman 87 søkjarar innvilga asyl på individuelt grunnlag, medan det i første halvår i år er gjeve asyl til 63 søkjarar.

Ordninga med kontantstøtte til småbarnsforeldre er sett i verk for eittåringar frå 1. august i år.

Grunnbeløpet i folketrygda er auka med 2 870 kr frå mai i år. Samtidig er satsane for særtillegg heva slik at minstepensjonen aukar med 12 000 kr pr. år.

Stortinget har drøfta framlegget frå Regjeringa til Nasjonal kreftplan og ein nasjonal utstyrsplan for sjuke-

hus. Planane inneheld framlegg om ei monaleg styrking av strålebehandlingskapasiteten og auka satsing både på forebygging og behandling.

Stortinget har etter framlegg frå Regjeringa vedteke ein opptrappingsplan for psykisk helse for perioden 1999–2006. Planen inneheld framlegg om styrking av kommunale og fylkeskommunale tenester, brukarretta tiltak, forebygging og stimulering av utdanning og forskning.

Det første skoleåret i den tiårige grunnskolen er gjennomført, med skolegang for meir enn 60 000 seksåringar, nytt læreplanverk og nye lærebøker. Noregs forskingsråd har fått i oppdrag å evaluere gjennomføringa av reforma.

Stortinget har drøfta framlegget frå Regjeringa om markering av tusenårsskiftet, og Regjeringa har oppretta arrangørselskapet Tusenårsskiftet – Norge 2000 AS.

Verdikommisjonen er oppnemnd. Kommisjonen skal vere med på å skape ei brei verdimeisig samfunnsetisk mobilisering for å styrkje positive fellesskapsverdiar i samfunnet.

Samarbeidet mellom NATO og Russland har utvikla seg svært positivt etter at samarbeidsdokumenta vart underskrivne i fjor vår. Det er sett i gang konkret og målretta samarbeid på ei rekkje område, som også vil ha relevans for utfordringar vi står overfor i nordområda.

NATO har ei nøkkelrolle i den tryggingspolitiske arkitekturen i det nye Europa, også ved at ein utfører fredsoperasjonar utanfor territoria til NATO-landa. Norsk deltaking i internasjonale fredsoperasjonar er også i år konsentrert om den NATO-leidde fredsstyrken i Bosnia-Hercegovina, SFOR, og FN-operasjonen i Sør-Libanon, UNIFIL. Den norske bataljonen i FN-styrken i UNIFIL vil på grunn av rekrutteringssituasjonen bli trekt tilbake mot slutten av året. Noregs deltaking i internasjonale fredsoperasjonar vil etter dette i hovudsaka vere konsentrert om det tidlegare Jugoslavia.

Støtta til dei baltiske landa i deira arbeid med å komme sterkare med i det europeiske og euroatlantiske samarbeidet er styrkt.

I utviklinga av samarbeidet med Russland om atomtryggleik har ein konsentrert seg om konkrete oppryddingsprosjekt. Noreg ratifiserte i januar i år, som det første landet, Konvensjonen om tryggleik ved handsaming av brukt kjernebrensel og radioaktivt avfall. Rednings- og katastrofesamarbeidet mellom Noreg og Russland er styrkt, og det vart i samband med statsbesøket inngått ei norsk-russisk avtale om politisamarbeid og ei om vitenskapleg og teknologisk samarbeid.

Som ledd i ein aktiv nærområdepolitikk har Noreg i år på ny formannskapet i Barentsrådet. Satsingsområda er knytte til prosjekt innanfor helse, utdanning og forskning, næringsliv og demokratibyggjing.

Presse-, kultur- og informasjonsarbeidet om Noreg i utlandet har vore høgt prioritert. Det har vore gjennomført fleire store kulturpresentasjonar i viktige samarbeidsland, og ein har i denne samanhengen fokusert sterkare på m.a. Russland og dei baltiske landa. Noreg deltok på verdsutstillinga EXPO 98 i Lisboa.

Norske næringslivsinteresser i utlandet er fremja ved statsbesøk i Kina, Sør-Afrika, Russland og dei baltiske

landa, ved utanlandsbesøk av regjeringsmedlemmene og eksportfremjande arbeid.

Regjeringa har halde fram med arbeidet med å gjennomføre og vidareutvikle den europeiske økonomiske samarbeidsavtala (EØS). EU har på si side sett i gang arbeidet med ei framtidig utviding som gjeld statar i Sentral- og Aust-Europa. Denne utvidinga vil få mykje å seie også for Noreg, sidan dei nye medlemsstatane også vil gå inn i EØS-samarbeidet.

Regjeringa har gjeve til kjenne overfor EU at ho er reie til å gå i gang med forhandlingar om ei avtale om norsk tilknytning til Schengen-samarbeidet når det blir overført til EU. Det er oppnemnt ei referansegruppe for å sikre samanhengande og brei vurdering av konstitusjonelle spørsmål som kjem opp under drøftingane med EU.

Lov om merking av forbruksvarer m.m. er endra slik at EU-ordninga for frivillig miljømerking av produkt også gjeld som norsk rett.

Den norske deltakinga i rammeprogrammet for forskning i EU er evaluert. Noreg hevdar seg godt i samarbeidet, og det er brei deltaking. Samarbeidet gjev stor nettverks- og kompetansegevinst for forskingsmiljø og næringsliv og verkar kvalitetsfremjande på norsk forskning.

Noreg var mellom dei 122 landa som i desember i fjor skreiv under konvensjonen om forbod mot og øydelegging av antipersonellminer. Noreg ratifiserte konvensjonen i juni. Noreg har ytt monalege bidrag til det internasjonale arbeidet med minerydding og rehabilitering av mineoffer.

Regjeringa legg vekt på arbeidet med å hindre spreiing av handvåpen. Ein inviterte til ein første konferanse i Oslo i juli der 21 land deltok. Konferansen førte til at deltakarane kom fram til ei første felles forståing av korleis dette arbeidet skal førast vidare.

Sidan årsskiftet har vi som påtroppande formannskap teke del i leiartroikaen i OSSE – Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa.

Regjeringa har engasjert seg aktivt for å auke respekten for menneskerettane. Noreg er valt inn som medlem av Menneskerettskommisjonen i FN for ein treårsperiode frå 1999. Det er oppretta eit eige menneskerettsutval.

Noreg var mellom dei 120 landa som i juli i år vedtok domstolsvedtektene i samband med opprettinga av ein permanent internasjonal straffedomstol der enkeltindivid skal kunne stillast til ansvar for alvorlege brott på folkeretten.

Den humanitære hjelpe til offer for konflikhtar og naturkatastrofar har vore halden oppe på eit høgt nivå, i overkant av 1 500 mill. kr for 1997. Dei viktigaste innsatsområda har vore Sentral-Afrika, det tidlegare Jugoslavia, Midtausten, Nord-Korea, Afghanistan og Sudan.

Noreg var i oktober i fjor vertskap for ein større internasjonal konferanse om barnarbeid, og hjelpeinnsatsen frå norsk side for å få slutt på dette er styrkt.

På ministerkonferansen i Verds handelsorganisasjonen (WTO) i mai i år vart det vedteke å setje i gang forebuingar til nye drøftingar. Regjeringa har sett i gang norske forebuingar til drøftingsprosessen.

Innanfor WTO vart det i fjor ferdigforhandla avtaler om handel med finansielle tenester og grunnleggjande teletenester. Avtalene er med og styrkjer det fleirsidige handelsregelverket.

Noreg har teke del i dei forhandlingane som går for seg om ei avtale om fleirsidige investeringar innanfor Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD). I desember 1997 vart korrupsjonskonvensjonen, som vart forhandla fram innanfor OECD, underskriven.

Noreg har i internasjonale organisasjonar og forvaltningsregime arbeidd aktivt for ei berekraftig utnytting og forvaltning av ressursane i havet. Noreg var i juni i år vertskap for det 22. møtet under Antarktistraktaten.

Noreg skreiv under ECE-konvensjonen (FNs økonomiske kommisjon for Europa) om tilgang til miljøinformasjon, allmenn deltaking i vedtaksprosessane og tilgang til rettsmiddel i saker som gjeld miljøet, på eit ministermøte i Århus i juni. Regjeringa har sett ned eit eige lovutval som skal klarleggje gjeldande nasjonal og internasjonal rett på området og vurdere behovet for å komme med framlegg til nye reglar.

Som ein del av det reformarbeidet som går for seg i FN, vart miljøvernministeren i mars i år utnemnd av generalsekretæren i FN til å sitje i ei gruppe som skal vurdere organiseringa av det arbeidet FN gjer med miljø- og busetjingsspørsmål. Framlegget frå gruppa vil bli følgd opp under generalforsamlinga i FN i haust.

På eit ministermøte i Portugal i juli i år vart det vedteke nye tiltak for å verne miljøet i det nordaustlege Atlanterhavet (OSPAR-konvensjonen). Mellom anna vart det vedteke eit nytt og bindande regelverk for disponering av utrangerte offshore-installasjonar, ambisiøse strategiar for å redusere utsleppa av radioaktive stoff og miljøgifter til det maritime miljøet og eit nytt vedlegg til OSPAR-konvensjonen om vern og bevaring av økosystem og biomangfald.

Regjeringa har lagt fram ei ny langtidsmelding for Forsvaret for perioden 1999–2002. Det blir lagt vekt på at omstillinga i Forsvaret skal halde fram.

Talet på gjestedøgn ved hotell og andre overnattingsverksemdar auka i fjor med 3 pst. Av det stod utanlandske gjester for ein tredel. I dei fem første månadene i år har utanlandske gjestedøgn gått ned med 3 pst. Dei totale reisevalutainntektene var i fjor om lag 15,8 milliardar kr, og det er om lag 5 pst. høgare enn året før.

Import og eksport av tradisjonelle varer auka kvar for seg med 16,2 og 10,0 pst. i første halvår i år samanlikna med den same perioden i fjor. Handelsbalansen med utlandet for Fastlands-Noreg viste dermed eit underskott på om lag 41 milliardar kr i første halvår i år, mot 31 milliardar kr i fjor.

Eksporten av fisk og fiskeprodukt er i stadig vekst. I 1997 vart det eksportert fisk for 24,6 milliardar kr. Det tilsvarer eit kvantum på noko over 2 mill. tonn. Det er ein auke på 9,5 pst. samanlikna med kvantumet i 1996.

I første halvår i år var det eit overskott på driftsrekneskapen overfor utlandet på om lag 8 milliardar kr. Det er nesten 25 milliardar kr mindre enn i den same perioden i

fjor. Reduksjonen i overskottet skuldast for ein stor del redusert eksport av olje og gass. I tillegg har det vore ein kraftig auke i importen hittil i år. Overskottet på vare- og tenestebalansen var i første halvår i år 14,6 milliardar kr. Til samanlikning var overskottet i same perioden i fjor 43,2 milliardar kr.

Rente- og stønadsbalansen viste eit underskott på 6,7 milliardar kr i første halvår i år, mot 10,5 milliardar kr i underskott i den tilsvarande perioden i fjor. Noregs nettofordringar overfor utlandet auka i første halvår med om lag 7 milliardar kr til om lag 85,5 milliardar kr.

Kronekursen har sidan årsskiftet gått markert ned. Nedgangen var spesielt sterk i slutten av august. Kronekursen var då om lag 10 pst. lågare enn ved årsskiftet. Valutakursen var i midten av september om lag 8 pst. lågare enn gjennomsnittet for i fjor. Svekkinga av krona må ein sjå i samanheng med det store fallet i oljeprisen det siste året. Som følge av den svakare krona har Noregs Bank sidan mars i år sett opp dei administrerte rentene sju gonger med til saman 4,5 prosentpoeng. Det norske rentenivået har auka tilsvarande, og pengemarknadsrentene var i midten av september om lag 8,2 pst. Rentedifferansen mot tilsvarande ecu-rente har auka frå –0,8 prosentpoeng ved årsskiftet til 3,8 prosentpoeng i midten av september, medan rentedifferansen mot tyske renter har auka frå 0,2 prosentpoeng ved årsskiftet til 4,6 prosentpoeng i midten av september.

I fjor kjøpte Noregs Bank utanlandsk valuta for 66,4 milliardar kr, og av det vart 62,2 milliardar kr overførte til petroleumsfondet. Fram til utgangen av august i år har Noregs Bank kjøpt valuta for om lag 17,5 milliardar kr.

Konsumprisindeksen auka med 2,1 pst. frå august 1997 til august 1998. Den gjennomsnittlege veksten i konsumprisindeksen dei åtte første månadene i år var 2,2 pst. i høve til tilsvarande periode i fjor.

Nærare 32 000 personar flytta til og 21 300 flytta frå Noreg i 1997. Innflyttingsoverskottet var dermed 10 700, nesten 5 000 høgare enn året før. Det innanlandske flyttemønsteret har i hovudsak vore det same i 1997 som dei føregåande åra.

Ved årsskiftet budde det 158 000 utanlandske statsborgarar i landet. Dei utgjer 3,5 pst. av befolkninga. I alt 12 000 personar fekk norsk statsborgarskap i 1997, og det er om lag like mange som dei to åra før.

Produksjonen av olje, gass og NGL på den norske kontinentalsokkelen i 1997 var 192,5 mill. tonn oljeekvivalentar, mot 187,2 mill. tonn i 1996. Produksjonen av råolje medrekna NGL og kondensat viste ein oppgang på 1 pst., og produksjonen av naturgass viste ein oppgang på 12 pst. Dei seks første månadene av 1998 var produksjonen 73,0 mill. tonn oljeekvivalentar, ein nedgang på 1,5 pst. frå den same perioden i fjor.

Verdien av olje- og gasseksporten auka i fjor med 4,5 pst., først og fremst på grunn av ein stor vekst i eksporten av naturgass og i eksportprisen for naturgass. I dei seks første månadene i år vart verdien av olje- og gasseksporten redusert med heile 19,9 pst. frå det same tidsrommet i 1997. Hovudgrunnen er eit kraftig prisfall på råolje. Første halvår i år var eksportprisen på råolje 101 kr pr. fat i

gjennomsnitt. Det er 22,6 pst. lågare enn i dei seks første månadene i fjor, då gjennomsnittsprisen var 131 kr pr. fat.

Investeringskostnadene i oljeutvinning og rørtransport var i fjor 62,5 milliardar kr. Det er 30,5 pst. høgare enn året før og det høgaste nivået som nokon gong er registrert. Auken skuldast i hovudsaka ein auke i investeringsnivået for felt- og rørutbyggingar og i leiteverksemda.

Produksjonen av elektrisk kraft var i fjor 112 TWh, som er 6,8 pst. høgare enn året før og 9,1 pst. lågare enn i 1995. Frå 1996 til 1997 auka det samla innanlandske forbruket med 1,8 pst. til 116 TWh. Importoverskottet var 4 TWh i 1997, mot 9 TWh året før. Over 70 pst. av kraftimporten i fjor fann stad i perioden januar-mai. Det har samanheng med den låge fyllingsgraden i vassmagasina. Fyllingsgraden i vassmagasina har igjen gått opp, og var i midten av april i år 9,3 prosentpoeng høgare enn gjennomsnittet for åra 1982 til 1991.

I november 1997 vart det gjeve konsesjon til bygging og drift av ein vindmøllepark i Lindesnes kommune i Vest-Agder fylke. I april 1998 vart det gjeve konsesjon til bygging og drift av eit vindkraftanlegg i Nærøy kommune i Nord-Trøndelag.

Regjeringa la i mai 1998 fram ei stortingsmelding om eigarskap i næringslivet. Meldinga presenterer den strategien Regjeringa har for eit balansert eigarskap i næringslivet, der ein legg vekt på å leggje forholda betre til rette for aktive private eigarar.

Eit oppgaveregister vart opna i november i fjor for å gje ei oversikt over og samordne alle statlege oppgåvepliktter som blir pålagde næringslivet.

Regjeringa sette i mai i år ned eit utval som skal gjennomgå reglane for arveavgift. Utvalet skal leggje fram innstillinga si innan 1. desember 1999.

Konkurransestyresmaktene hadde i 1997 i alt 120 kontrollar for å sjå til at konkurranselovera blir etterlevd, og dei behandla 79 saker i samband med avtaler eller tiltak med konkurransekadeleg åtfærd. Det vart behandla 129 søknader om dispensasjon frå forboda i konkurranselovera, og 101 av dei vart innvilga. Mange av dispensasjonane vart gjevne fordi dei ville føre til skjerpa konkurranse. Det var 1 035 saker som galdt overtaking av bedrifter. I alt vart det utført 2 970 kontrollar av om prismeerkingsføresegnene blir følgde, og i 1 581 tilfelle var det nødvendig med innskjerpingar på grunn av brott på føresegnene. Konkurransestyresmaktene gjennomførte i alt 19 prisundersøkingar dette året.

Regjeringa la fram den næringsretta IT-planen sin i mars i år. Målet er å gjere avansert bruk av IT til ein av dei største konkurransefordelane i norske bedrifter og å stimulere til nyskaping og vekst i IT-næringa, m.a. gjennom auka satsing på IT-utdanninga. Stortingsmeldinga om IT-kompetanse i eit regionalt perspektiv vart lagd fram i mai i år. Meldinga gjer greie for politikken til Regjeringa for eit samla kompetanseløft innanfor IT for å skape grobotn for ei framtidretta næringsutvikling i heile landet. Det er oppretta eit forum for elektronisk handel med aktørar frå næringslivet som rådgjevande organ.

Dataproblem i samband med år 2000 kan få omfattande økonomiske og samfunnsmessige følgjer. Regjeringa la derfor i april i år fram ein oppfølgingsplan for å handtere problemet og har sett i gang prosjektet Aksjon 2000, som starta si verksemd 1. juni.

Norsk skipsfart er inne i ei positiv utvikling. Talet på norskregistrerte skip over 100 bruttotonn auka med 3 pst. i 1997. Det har vore ein auke i talet på norske sjøfolk som er tilsette på skip registrerte i Norsk Internasjonalt Skipsregister, frå 1996 til 1997 på 8,5 pst. Auken i talet på sjøfolk som er tilsette på skip registrerte i Norsk Ordinært Skipsregister, er på 5,5 pst. frå 1996 til 1997.

Sjøtransporten utgjorde 52 pst. av den samla innanlandske godstransporten målt i tonnkilometer i 1997.

I fjor utgjorde innanlands persontransport 59,2 milliardar personkilometer, som er ein auke på 3,6 pst. frå 1996. Personbilen stod for om lag 88 pst. av persontransporten. Den samla godstransporten var i fjor 41,6 milliardar tonnkilometer, og av dette gjekk 28 pst. på veg. Auken frå 1996 var på 9,6 pst. Innanlands vegtrafikkarbeid var i fjor 32,2 milliardar kjøretøykilometer, som utgjer ein auke på 3,6 pst. frå 1996. Investeringar i riksvegane var på 5 610 mill. kr. Landet fekk 208 km nye riksvegar.

Salet av nye og bruktimporterte bilar auka i fjor med 5 pst. Ved utgangen av 1997 var det registrert 2,17 mill. bilar i Noreg, ein auke på 5,6 pst. frå året før.

Ved utgangen av 1997 var 85 822 personar som bur langs riksvegnettet, svært plaga av vegtrafikkstøy. Det var ein nedgang på 471 personar samanlikna med året før. Det var i alt 3 943 personar som var svært plaga av luftforureining ved utgangen av 1997, ein nedgang på 531 samanlikna med året før.

I 1997 vart 12 126 personar skadde eller drepne i vegtrafikken, og av desse vart 303 personar drepne. Det er 48 fleire drepne enn i 1996. I alt omkom 14 personar i luftfartsulykker. Det var tre dødsfall som følgje av jernbaneulykker.

Flytrafikken, målt i talet på passasjerar innanriks og utanriks, viste i 1997 ein auke på 6,4 pst. frå 1996. I dei fem første månadene i år har veksten i talet på passasjerar vore 6,8 pst. samanlikna med den same perioden i fjor.

Widerøe's Flyveselskap ASA starta i april 1997 flygingar på det regionale kortbanenettet etter ein anbuds-konkurranse der fem andre selskap deltok.

Overskottet i Luftfartsverket var i fjor 1 011 mill. kr, som er ein auke på 9,8 pst. frå 1996. Det vart gjort investeringar på i alt 683 mill. kr i flyplassnettet utanom hovudflyplassen på Gardermoen og etterbruk av Fornebu.

Innanlands persontrafikk med tog, målt i personkilometer, auka i fjor med 4,7 pst. Veksten var sterkast for nærtrafikken i storbyområda. Godstrafikken, målt i tonnkilometer, auka med 4 pst.

Det er for 1998 løyvd 240 mill. kr til utbetringstiltak på kjørevegen for å leggje til rette for bruk av krengetog på dei tre hovudstrekningane i Sør-Noreg.

Posten Noreg BA fekk i oktober i fjor konsesjon for fire år. Det inneber at Posten innanfor gjevne grenser har

einerett til å formidle lukka adressert brevpost mot vederlag. Som motyting pliktar Posten å sørge for ei effektiv formidling av landsdekkjande postsendingar (basistenes-ter) i Noreg til rimelege prisar og god kvalitet. Posten hadde i fjor ei samla omsetning på 11 240 mill. kr. Resultatet før skatt var eit underskott på 68 mill. kr.

Dei siste einerettane på telesektoren er avskaffa. Det er dermed innført full konkurranse på teleområdet.

Prisane til Telenor på teletenester vart i fjor reduserte med 5,4 pst. for telefoni og med 23,4 pst. for leigde samband. Samtrafikkprisane er sette ned med 30 pst. frå 1. juli 1998. Telenettet er no fulldigitalisert. Telenor auka den samla omsetninga i fjor med 15,1 pst. Resultatet før skatt var 1 915 mill. kr. Den bokførte eigenkapitalen i selskapet var ved utgangen av 1997 om lag 15 000 mill. kr. I juli i år låg det føre to oppdaterte uavhengige verdurderingar av Telenor. Den totale marknadsvarden av eigenkapitalen vart rekna til mellom 40 000 og 50 000 mill. kr. Dei nye verdioverslaga representerer ei verdistigning på 67 pst. i forhold til verdurderinga i fjor.

Telenor AS, NetCom GSM as og Telia AB har fått konsesjonar for mobiltelefonsystemet DCS 1800.

Arbeidet med ei stortingsmelding om landbrukspolitikken er sett i gang. Stortingsmeldinga frå Regjeringa om matkvalitet og forbrukartryggleik er følgd aktivt opp.

I fjor vart det eksportert treprodukt for 14 milliardar kr, medan brutto produksjonsverdi frå skogbruket og treforedlingsindustrien var på vel 39 milliardar kr. Tømmeravverkinga var i fjor om lag 8 mill. kubikkmeter, noko som er 25 pst. lågare enn først i 1990-åra. Samtidig har dei langsiktige investeringane i skogbruket gått monaleg ned. Råstofforsyninga til den skogbaserte industrien er halden oppe med auka tømmerimport.

Bortsett frå eitt registert tilfelle av den alvorlege fiske-sjukdommen VHS det siste året, har vi vore fri for dei alvorlegaste dyresjukdommane. Det har vore nokre ein-skilde tilfelle av skrapesjuka, og sjukdommen er for første gong påvist på Austlandet. Det har vore ein auke i talet på tilfelle av infeksjøs lakseanemi, men sjukdommen er til no ikkje påvist på Sør- og Austlandet. Bruken av antibiotika i oppdrettsnæringa er den lågaste på nærare 20 år, og han er også vorten redusert i husdymæringa det siste året. For å halde oppe den gode dyrehelsa i Noreg er det sett i gang ei rekkje overvåkingsprogram.

Handlingsplanen for redusert bruk av plantevernmid-del er vorten evaluert. Samanlikningar med andre land tyder på at Noreg har vore heilt på høgde og på enkelte område i framkant når det gjeld å etablere verkemiddel og tiltak på området. Resultat frå overvaking av plante-vernmiddelestar i mat og i miljøet viser likevel at det er behov for ytterlegare reduksjon. Evalueringa er lagd til grunn for utarbeiding av ein ny handlingsplan for redu-sert risiko ved bruk av plantevernmiddel.

Norsk fiskerinæring har jamt over hatt betre tider enn tidlegare, og industrien opplever gode prisar på verds-marknaden. Ressurssituasjonen for dei viktigaste fiske-bestandane nord for 62 grader nord, torsk, hyse og norsk vårgytande sild, er framleis god. For torsk er bestanden noko svekt. Bestandsoverslaga er også meir usikre enn

tidlegare. Blåkveitebestanden og loddebestanden er rekna for å vere utanfor sikre biologiske rammer. Blåkveitefisket er strengt regulert, og det er forbod mot loddefiske i Barentshavet. Rekebestanden er rekna for å vere innanfor sikre biologiske rammer. Makrellbestanden er framleis på eit relativt lågt nivå. Gytebestanden av nord-sjøsil er i underkant av sikre biologiske rammer. Som ei følge av redusert fiskepress i 1996 og 1997 har bestandssituasjonen betra seg, og kvoten for 1998 er noko høgare enn i 1997. Noreg og EU er einige om ein fleirårig forvaltningsstrategi, som ein ventar skal føre til ei positiv bestandsutvikling.

I forhandlingar mellom staten og Norges Fiskarlag hausten 1997 om stønadsmidlar til fiskerinæringa, vart dei to avtalepartane samde om ei økonomisk ramme på 115 mill. kr for 1998.

I 1998 er dei to ytre etatane i Fiskeridirektoratet, Rettleiingstenesta i fiskerinæringa og Fiskeridirektoratets Kontrollverk, vortne slegne saman til éin etat.

Det er sett ned eit utval som innan 1. mai 1999 skal leggje fram ei vurdering av det framtidige hamnesamarbeidet og hamnestrukturen i Oslofjordregionen.

I lønnsoppgjera i år var det hovudrevisjon av avtalene i dei fleste tariffområda. I LO/NHO-området vart opp-gjera gjennomførte ved forbundsvise forhandlingar, medan oppgjera i privat sektor på tradisjonell måte har vorte gjennomførte bransjevis. I dei fleste oppgjera i pri-vat sektor vart partane samde om nye avtaler gjennom forhandlingar og mekling. For rutebil- og langtransport-sjåførane vart det streik før meklinga vart teken opp att og partane vart samde om ny avtale. Også innanfor andre mindre tariffområde har det vore kortvarige streikar. I offentleg sektor der oppgjera blir gjennomførte sentralt, vart framlegget frå riksmeklingsmannen tilrådd av partane med unntak av Akademikernes Fellesorganisasjon, som tok ut grupper i streik både i stat og kommunesektoren. I kommunesektoren vart framlegget til avtale også forkasta av Norsk Helse- og Sosialforbund og Maskinistforbundet, som tok ut medlemmer i streik.

Regjeringa har nemnt opp ei forskargruppe som skal greie ut om makt og demokrati i Noreg. Hovudtemaet for utgreiinga er vilkåra for det norske folkestyret og endringar i dei. Til hjelp for forskargruppa er det oppnemnt eit breitt samansett råd.

Regjeringa har utvikla ein heilskapleg strategiplan for korleis politiet kan førebygge kriminalitet med utgangspunkt i forskingsbasert kunnskap. Regjeringa fremja i april ei stortingsmelding om kriminalomsorga. I mel-dinga blir det lagt opp til viktige justeringar i dagens krimi-nalomsorgspolitik. Det er sett i verk eit prosjekt med rådgjevingskontor for kriminalitetsoffer. Det er komme lovframlegg om kjeldevern og offentleg innsyn i retts-stellet.

Regjeringa har lagt fram ein tiltaksplan mot vald på offentleg stad i Oslo og andre større byar.

Regjeringa har gjort framlegg om at Noreg som nasjon tek eit historisk og moralsk oppgjær med behand-linga i Noreg av den økonomiske likvidasjonen av den jødiske minoriteten under den andre verdskrigen.

Regjeringa har gjort framlegg om å endre militærnek-tarlova når det gjeld behandling av søknader om fritak for militærtjeneste. Det er foreslått at ordninga med politi-avhøyr skal avskaffast til fordel for ei ordning med eigenerklæring.

Det er sett ned eit offentleg utval som skal greie ut om oppretting av eit statleg fond eller anna finansieringsordning for søk etter omkomne på havet, i innsjøar og vassdrag.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om ny langtidsplan for den sivile beredskapen.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om eta- bleringssituasjonen for unge og vanskelegstilte på bustadmarknaden.

I vår gjorde Regjeringa framlegg om endringar i bu- rettslagslova og ny lov om husleigeavtaler. Den nye lova skal avløyse den gjeldande husleigelova og husleigere- guleringslova.

I 1998 har talet på asylsøkjjarar som kjem til landet, auka. Medan det i perioden 1995 til 1997 samla kom om lag 5 500 asylsøkjjarar til landet, kom det 5 750 dei første åtte månadene i år. På få månader har derfor talet på asyl- mottak vorte nær tredobla. Regjeringa la i vår fram Handlingsplan mot rasisme og diskriminering for perio- den frå 1998 til 2001. Planen inneheld tiltak retta mot politiet og rettsapparatet og mot diskriminering på bustadmarknaden, tiltak for å styrkje den fleirkulturelle forståinga i nøkkelsektorar gjennom opplæring og kom- petanseheving av offentleg tilsette og tiltak som rettar seg mot barn og unge i skolen og lokalmiljøet. For å stimulere til auka rekruttering av kvalifiserte personar med innvandrarakgrunn la Regjeringa i vår fram Handlings- plan for rekruttering av personar med innvandrarak- grunn. I samsvar med stortingsvedtaket har Regjeringa ved kongelig resolusjon oppretta Senter mot etnisk dis- kriminering. Senteret blir sett i drift frå årsskiftet.

Det vart i mars i år halde ei utgreiing om lokaldemo- kratiet for Stortinget. I Kommuneøkonomiproposisjonen for 1999 har Regjeringa gjeve ei samla utgreiing for korleis vedtaka frå debatten vil bli følgde opp.

Det er nemnt opp eit offentleg utval som skal gjen- nomgå vallova og valordninga i Noreg. Utvalet skal leg- gje fram innstilling før utgangen av år 2000.

Det er nemnt opp eit offentleg utval som skal greie ut ansvars-, oppgåve- og funksjonsfordelinga mellom for- valtningnivåa. Utvalet skal leggje fram innstilling innan utgangen av juni 2000.

Regjeringa kom i vår med framlegg til lovføresegner om kommunale føretak og interkommunale selskap.

Regjeringa har lagt fram den årlege utgreiinga om dis- trikts- og regionalpolitikken. Ein opplever framleis ei sterk sentralisering i landet. Regjeringa legg opp til ein sterkare distriktpolitisk innsats med ungdom, kvinner og folk som kan tenkje seg å flytte tilbake, som viktige mål- grupper. Kommunal- og regionaldepartementet er tillagt samordningsansvaret for den breie distrikts- og regional- politikken og ulike tiltak blir no sette i verk for effektivt å følgje opp dette ansvaret.

Regjeringa fremja i februar i år ei tilleggsmelding om norsk samepolitikk. Som ledd i arbeidet med å oppgra-

dere samepolitikken og å sikre ein overordna og heil- skapleg samepolitikk, har Regjeringa oppnemnt ein statssekretær i Kommunal- og regionaldepartementet med ansvar for samepolitiske spørsmål.

Noreg arrangerte i juni i år eit ekspertmøte om forvalt- ninga av ressursane i havet. Møtet gav klare tilrådingar om retning og innhald i det vidare arbeidet med ei øko- systembasert forvaltning av det marine økosystemet.

Arbeidet med ei stortingsmelding om vern i kystsona er sett i gang.

Det er fastsett ei forskrift om avfall frå elektriske og elektroniske produkt. Forskrifta, som skal gjelde frå 1. juli neste år, vil saman med ei avtale med næringslivet sikre innsamling og forsvarleg handsaming av dette avfallet.

Arbeidet med å gjennomføre Lokal Agenda 21 – fol- keleg mobilisering for ein berekraftig praksis – er i gang i meir enn 150 kommunar og i dei fleste fylka. Det er oppretta ei sentral koordineringseining for dette arbeidet i Miljøverndepartementet.

Eit framlegg om mellombels etableringsstopp for kjø- pesenter utanfor sentrale delar av byar og tettstader har vore på høyring. Regjeringa har invitert dei største byane til eit samarbeid om berekraftig byutvikling. Samarbeidet skal ta utgangspunkt i konkrete problemstillingar og utfordringar i byane, m.a. miljøvennleg transport, sen- trumsutvikling og bukvalitetar. Miljøverndepartementet og Sosial- og helsedepartementet har sett i gang eit 4-årig utviklingsprogram som skal integrere omsynet til dei funksjonshemma i all planlegging i fylke og kommunar.

Den øvre aldersgrensa for å halde fram med frivillige tiltak for tidlegare barnevernklientar over 18 år er heva frå 20 til 23 år.

Ei ny lov om familievernkontor sikrar at dette teneste- tilbodet finst i alle fylke. Fylkeskommunane har fått for- valtningansvaret for kontora, og fylkesmannen har fått tilsynsansvar.

Regjeringa har styrkt arbeidet med å sikre barn og ungdom auka deltaking og innverknad i samfunnet. Med- verknad i lokale plan- og avgjerdssprossar, styrking av elevdemokratiet og støtte til innsats frå ungdommen sjølv for å skape eit betre ungdomsmiljø har stått sentralt.

Den andre rapporten frå Noreg om oppfølging av FNs barnekonvensjon vart oversendt FN-delegasjonen i Genève 30. juni i år.

Barnehageutbygginga held fram. Ved årsskiftet 1997/ 98 hadde 60 pst. av alle barn i alderen 1–5 år plass i bar- nehage, mot 55 pst. året før. Tilskottsordninga er endra for å gjere tilbodet til familiane meir fleksibelt og brukar- vennleg. Arbeidet med ei stortingsmelding om barneha- gar er i gang.

Overgangsstønaden for einslege mødrer og fedrar er auka monaleg, samstundes som det blir stilt strengare krav om yrkesretta aktivitet for rett til overgangsstønad. Også satsane for stønad til barnetilsyn er heva. Regje- ringa har gjort framlegg om betringar i fødselspengeord- ninga, m.a. slik at lønna studiepermisjon skal gje oppteningsrett til fødselspengar. Det er sett i verk ei ord- ning med automatisk tildeling av barnetrygd til nyfødte.

Ekteskapslova er endra med sikte på å betre den økonomiske situasjonen for eldre skilde kvinner.

Det er gjeve ei forskrift om særbehandling av menn i samband med undervisning og omsorg for barn.

Ny lov om opningstider for utsalsstader er vedteken. Lova sikrar like opningstider i heile landet og arbeidstakarane eit betre vern mot ulaglege arbeidstider.

Frå i mars i år vart pensjonsalderen gjennom avtalefesta pensjon (AFP) sett ned frå 63 til 62 år.

Ei oppsummering av handlingsplanane for eldreomsorga i kommunane viser at dei no satsar på å byggje ut pleie- og omsorgstenestene. Det gjeld både nye sjukeheimar og omsorgsbustader, ombygging til einerom og erstatning av gamle bygg. Det blir også lagt opp til ein markert auke i talet på årsverk i sjukeheims- og heimetenestene.

Det er skipa ein nasjonal komite for FN's internasjonale eldreår – 1999. Komiteen blir leidd av sosialministeren.

Ei stortingsmelding om mindre bruk av tvang overfor psykisk utviklingshemma vart lagd fram og behandla i vårsesjonen.

Regjeringa har lagt fram ein stortingsproposisjon om handlingsplan for redusert bruk av rusmiddel.

Kapasiteten i sjukehussektoren er auka og talet på ventelistepasientar er redusert. Talet på sjukehusinnleggingar auka med 10 000 frå 1996 til 1997. I tillegg blir ein stadig større del av behandlinga ved sjukehus utført utan innlegging. Det står om lag 280 000 pasientar på venteliste. Det er 20 000 færre enn i 1996. Av ventelistepasientane har om lag 35 000 personar fått behandlingsgaranti. Ved utgangen av april i år var det registrert om lag 10 000 brott på garantien. Det er om lag 15 000 færre enn ved årsskiftet. Denne nedgangen skuldast både betre ventelisteføring, lågare garantidelar og auka kapasitet.

Innan utgangen av 1998 skal ein koordinerande plan for å få bukt med og kontrollere problemet med antibiotikaresistente bakteriar slutførast. Planarbeidet blir koordinert gjennom Landbruksdepartementet og Sosial- og helsedepartementet.

For å oppnå større priskonkurransen mellom identiske legemiddel og ei betre utnytting av ressursane i folketrygda, er det med verknad frå mars i år innført eit nytt referanseprissystem. Refusjonen frå trygda blir rekna ut i høve til prisen på det billegaste av medisinsk sett likeverdige legemiddel.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om opplæring for barn, unge og vaksne med særskilde behov. Meldinga tek for seg den spesialpedagogiske tiltakskjeda og det statlege støttesystemet. Meldinga er drøfta i Stortinget og er under oppfølging.

Ny opplæringslov er vedteken, og det er no vorte ei felles lov for både grunnskolen, den vidaregåande opplæringa og fagopplæringa. Privatskolelova skal framleis vere eiga lov.

Ein arbeider med å systematisere evalueringsrapportar og andre erfaringar frå innføringa av Reform 94. Det er god tilgang på læreplassar i så godt som alle fag, og talet på lærlingar som har fått læreplass i privat og offentleg sektor, har auka. Noreg deltok i fjor i eit fleirnasjonalt

OECD-prosjekt om overgang frå skole til arbeidsliv. Det er sett i verk ei rad tiltak for å betre overgangen til arbeidslivet for ungdom.

Regjeringa har sett ned eit offentleg utval som skal gjere ei samla vurdering av universitet og høgskolar som forskings- og utdanningsinstitusjonar etter år 2000.

Regjeringa la i vår fram ei stortingsmelding om dimensjonering av ulike studium innanfor høgare utdanning. Meldinga konkluderer med at det på grunn av mindre ungdomskull kommande år og uvisse med omsyn til framtidig studiefrekvens samla sett ikkje er grunnlag for vidare vekst i norsk høgare utdanning. Kapasitetsauken innanfor prioriterte utdanningar må i hovudsaka skje ved omdisponering av studieplassar, men det er også oppretta nye studieplassar innanfor IT-utdanningane og helsefaga i 1998. Berre innanfor IT er det oppretta 835 nye studieplassar. Satsinga på auka utdanning av helsepersonell er ført vidare og intensivert m.a. gjennom «Handlingsplan for helse- og omsorgspersonell 1998–2001». Det er registrert ein nedgang i søkinga til høgare utdanning for opptaket i år.

I 1997 var det 625 personar som tok doktorgraden ved norske universitet og vitenskaplege høgskolar. Det er 23 fleire enn i 1996. Kvinne delen gjekk noko ned. Men ser vi 1990-talet under eitt, har kvinnedelen av avlagde doktorgradar auka monaleg.

Det er i 1997 gjeve ekstra løyvingar til fornying og forbetring av avansert vitenskapleg utstyr ved universiteta og høgskolane.

Regjeringa la i mai fram ei stortingsmelding om kompetansereforma som m.a. byggjer på utgreininga til Buerutvalet om etter- og vidareutdanning for vaksne. Meldinga inneheld framlegg som skal gjere det lettare for vaksne å få opplæring, og som skal styrkje kontakten mellom dei som tilbyr utdanning, og arbeidslivet. Som ei oppfølging av stortingsmeldinga om innvandrarar og det fleirkulturelle Noreg, er opplæring i norsk med samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar styrkt.

Oppslutninga om Den norske kyrkja held seg stabil.

Som ei oppfølging av stortingsmeldinga om kunstnarpolitikken, er det i år oppretta ei ordning med arbeidsstipend for yngre kunstnarar. Det er samtidig innført ei ordning med aspirantstillingar for kunstnarar, finansiert over statsbudsjettet.

Det er utvikla og innført eit nytt grafisk designprogram for dokumenta frå departementa og Regjeringa til Stortinget.

Det er i år oppretta ei ny ordning for kunstnarleg utsmykking i statlege bygg. Den går ut på at ein viss prosent av kostnadsramma for dei enkelte byggjeprojekta skal setjast av til dette formålet.

Forskrifta om produksjonstilskott til dagsaviser er endra med verknad frå i år. Det er innført ei grense for kor stort overskott ei avis kan ha samtidig med at ho tek imot produksjonstilskott.

I samsvar med framlegg frå Regjeringa vedtok Stortinget i desember i fjor at Noreg skal delta i EU-programmet Multilingual Information Society, som skal styrkje stillinga til dei små språka i informasjonssamfunnet.

Regjeringa har lagt fram ei tilleggsmelding om tilhøvet mellom staten og dei frivillige organisasjonane.

Regjeringa har arbeidd vidare for å opprette nasjonalanlegg for dei viktigaste idrettane. For ski, nordiske greiner, er det funne ei løysing som tilfredsstillar både idrettslege og samfunnsmessige omsyn.

I 1998 utgjorde den delen av overskottet i Norsk Tipping AS som gjekk til idrettsformål, 622,5 mill. kr. Av dette vart 344,5 mill. kr sette av til idrettsanlegg, 246,8 mill. kr til Norges Idrettsforbund og 31,2 mill. kr til andre idrettsformål.

Presidenten mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Deres Majestet!

Det 143. Storting, som Deres Majestet i dag har åpnet, går til sin ansvarsfulle gjerning i en tid preget av uro og uforutsigbarhet. Verdensøkonomien har i den senere tid gjennomgått til dels brå og dramatiske endringer. Det setter det internasjonale fellesskap på store prøver. Likeledes ser vi med stor uro på krigs- og terrorhandlingene i Kosovo og Sudan, på den økende nøden i våre nærområder i Russland og på situasjonen for ofrene bl.a. etter flomkatastrofene i Kina og Bangladesh.

I en slik situasjon er det viktig for oss alle ikke å miste troen på fremtiden, og at det nytter å gjøre noe. De mange store og uløste oppgaver som vår verden står overfor på det humanitære, økonomiske og økologiske felt, gjør det nødvendig med en betydelig innsats. Stortinget vil medvirke til at også Norge deltar med full kraft.

Derfor er det gledelig, Deres Majestet, at trontalen bærer bud om et fortsatt sterkt engasjement for å reformere og styrke De forente nasjoner som det viktigste globale instrument for fremme av fred og menneskerettigheter, miljø og utvikling.

Her hjemme er folk urolige for store renteøkninger, inflasjon og vanskeligheter på arbeidsmarkedet. Det blir

en stor utfordring for Stortinget å bidra til å skape stabilitet og forutsigbarhet i den økonomiske politikken.

Trontalen viser ellers at mange viktige saker vil komme til behandling. Disse knytter seg for en stor del til utfordringer som menneskevern, miljøvern og naturvern i aller videste forstand. Særlig viktig står kampen mot vold og kriminalitet og arbeidet med å fremme gjensidig respekt og toleranse mellom folkegrupper. Også den videre utbygging av vårt sosial- og helsevesen og forvaltningen av våre unike naturressurser vil kreve betydelig innsikt og kløkt fra oss alle i tiden som kommer.

Den parlamentariske situasjon vil stille store krav både til den enkelte representant og til Stortinget som helhet. Denne høsten vil bli preget av arbeidet med å få vedtatt et budsjett for 1999. Debatten den senere tid tyder på at det kan bli en krevende og vanskelig oppgave. Jeg har imidlertid tro på at vi, til tross for uenighet om mange saker, føler et felles ansvar for at neste års budsjett skal bli et tjenlig budsjett for landet, og at det skal bli vedtatt i god tid før nyttår.

I forvissning om at representantene vil gjøre sitt ytterste for å løse de mange og store oppgaver som ligger foran oss, samler vi oss i det gamle ønske:

Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Stortingets øvrige medlemmer istemte dette ønske, og alle de tilstedeværende sang deretter første vers av fedrelandssangen, "Ja, vi elsker".

Hans Majestet Kongen og Hennes Majestet Dronningen med følge forlot deretter stortingssalen, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

Presidenten: Presidenten vil foreslå at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrelse utlegges for å behandles i et senere møte - og anser det for vedtatt.